



DEN NORSKE KYRKJA

Fjærland sokneråd

Fjærland 13.03.21

Referat frå møte i Fjærland sokneråd

Møtedato: 09.03.21

Møtetid: 2000-2140

Møtestad: Digitalt via Teams

Tilstades: Siv Jane Rauboti, Sverre Tufte Mundal, Hilde Supphellen, Berit Orheim, Grete Mundal, Kari Bøyum Skeide og Mikael Bruun.

Ord for dagen: Mikael innleia med tankar om ei etterlengta opning av samfunnet att, og verdien av å kunne samlast i kyrkjene.

Referat:

Sak 09/21 Tekstlesarkurs

Vedtak:

Soknerådet går for alt. 1, og vil prøve å få med personar utanfrå soknerådet.

Sak 10/21 Soknemøte/Menighetsmøte

Vedtak:

Soknerådet sluttar seg til framlegget om fysisk årsmøte palmesøndag 28/3, sekundært digitalt soknemøte etter påske.

Sak 11/21 Utdeling av Bibelen til 11-åringane

Vedtak:

Utdeling bør skje på den tradisjonelle blomstergudstenesta i juni, då 6-åringane skal få si bok. Mikael avklarar dato for gudstenesta.

Sak 12/21 Oppfølging av brev frå biskopen 26. mai 2020 om revisjon av lokal gudstenesteordning, oppfølging av soknerådskurset og krafttak for misjon

Vedtak:

Om revisjon av gudstenesteordninga: Mikael kjem med framlegg i saka på neste soknerådsmøte. Utsett frist til 1. pinsedag.

Om krafttak for misjon: 14/3 blir det misjonsgudsteneste i Stedje kyrkje.

Sak 13/21 Oppfølging av sokneråda sitt frivillige arbeid i kyrkjelydane

Vedtak:

Vi vil forsøke med kafésamlingar på Stova etter påske, då dei faste ”gjestene” då er vaksinerte. Smittevernråda avgjer om vi skal dele gruppa i to med 10 til stades i gongen. Det blir ikkje samlingar for Barnemisjonen.

Det blir samling for frivillige i Stedje kyrkje tysdag 20/4 kl 18-20.

Sak 14/21 Fasteaksjonen

Vedtak:

Fasteaksjonen vil skje digitalt slik som i fjor. Siv Jane syter for informasjonsskriv til å leggje i postkassane, og konfirmantar/foreldre deler dei ut ca ei veke før aksjonen.

Sak 15/21 Rutinar

Vedtak:

Ei arbeidsgruppe med Sverre, Hilde og Berit kjem med framlegg til vedtak til neste soknerådsmøte. Berit kallar inn gruppa.

Sak 16/21 Halvårsplanen

Vedtak:

Soknerådet seier ja til at ”Totalavholdsforeningen” kan ha årsmøte med gudsteneste her i Fjærland 6. juni. Dette må ikkje vere til hinder for å halde blomstergudstenesta.

Vi planlegg andakt på Stova, Busenteret, 14/4 kl. 1530

Sak 17/21 Ymse

Sak frå kyrjekontoret: Vil vi utsetje konfirmasjonsgudstenesta? Det er vanskeleg å kome med ei endeleg avgjer. Nokre foreldre ønskjer konfirmasjon som vanleg 1. pinsedag, og det er det som er sett opp i halvårsplanen. Dersom fleirtalet av foreldre/konfirmantar ønskjer ei utsetjing, gjer vi det. Det vil uansett vere nasjonale smitteråd som avgjer. Alternativt er konfirmasjonen sett til 11/9.

Nye plakatar til påskevandring, tilbod frå Balestrand: Vi vil førebels nytte dei plakatane vi fekk i fjor.

Orienteringssaker:

Sak 18/21 Oppstart privat reguleringsplan Fjærland Fjordhytter & Spa

Saka teke til vitande. Siv Jane har vore i kontakt med Jens Meyer på bispekontoret. Han har gitt konkrete råd om kva vi som sokneråd bør vere merksame på, (høgde på bygg, mogleg støy og liknande). Aktuelt med uttale frå soknerådet når vi får meir detaljert plan for tiltaket. Sogndal kommune og Statsforvaltaren skal også gje uttale.

Sak 19/21 Misjonsgudsteneste søndag 14. mars 2021 i Stedje kyrkje

Sak 20/21 Oppsummering/kort orientering om møter i Fellesrådet, Trusopplæringsutvalet og Diakoniutvalet

Fellesrådet v/administrasjonsutvalet har tilsett Magni Åm Risa i 10% stilling som diakonmedarbeidar i Balestrand sokn.

Neste møte: 14. april kl 1700 i kyrkja, (eventuelt på Teams)

Andakt kl 1530 på Stova, Busenteret, dersom det let seg gjere.

For Fjærland sokneråd

Berit Orheim
- skrivar